

Steinulf Tungesvik

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1567 - 23/22162

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@osteroy.kommune.no

Dato:

06.10.2023

## Svar på krav om dekning av sakskostnader. Vedtak.

**Administrativt vedtak: Saknr: 292/23**

### Vedtak:

I medhald av fvl. § 36 blir krav om dekning av sakskostnader med **kr. 53.969,76,-** inkl. mva innvilga. Det blir vist til saksutgreiing og grunngjeving nedanfor.

### Saksutgreiing:

Det blir vist til motteke krav om dekning av sakskostnadar, sist supplert ved e-post med dokumentasjon motteke 11.09.23. Kravet om dekning av sakskostnader blei varsla i forkant og motteke innanfor fristen på 3 veker, jf. fvl. § 36 2. ledd. Kravet er samla på kr. 53.969,76,-.

Saka har ei lengre historikk som det ikkje blir vurdert som naudsynt å gjere greie for i detalj i samanheng med omkostningskravet. Hovudpunkta av relevans for føreliggande krav kan kort oppsummerast slik:

- Den 28. august 2018 sendte Osterøy kommune brev til tiltakshavar med krav om tilbakeføring av jordbruksareal på eigedomen gbnr. 59/3 som hadde blitt teke i bruk til mottak av steinmassar mm. Tiltakshavar oppfatta brevet som eit vedtak, og klaga på dette.
- Gjennom administrativt vedtak av 3. desember 2018, avslo Osterøy kommune søknad om omdisponering etter jordlova § 9.
- Avslaget blei – etter klage frå tiltakshavar, og med nokre endringar – omgjort til godkjenning ved nytt administrativt vedtak av 13. juli 2023.

### Grunngjeving:

Etter forvaltningslova (fvl.) § 36 har ein part krav på å få dekkja vesentlege kostnadar som har vore naudsynte for å få endra eit vedtak i sin favør. Fvl. § 36 har slik ordlyd:

---

#### Post

post@osteroy.kommune.no  
Postboks 1  
5293 Lonevåg

#### Kontakt

www.osteroy.kommune.no  
Telefon 56 19 21 00  
Telefaks 56 19 21 01

#### Konto

Org.nr. 864.338.712

---

«Når et vedtak blir endret til gunst for en part, skal han tilkjennes dekning for vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket, med mindre endringen skyldes partens eget forhold eller forhold utenfor partens og forvaltningens kontroll, eller andre særlige forhold taler mot det.»

Kommunen legger til grunn at vedtaket av 13. juli 2023 innebar ei endring *til gunst* for tiltakshavar.

Kommunedirektøren vurderer at perioden mellom kravet om tilbakeføring og omgjøringsvedtaket utgjør perioden med dekningsrett etter fvl. § 36 (frå 28. august 2018 til 13. juli 2023). Den lange handsamingstida og andre uklårheiter ved saksgongen kan ikkje lastast tiltakshavar. Kostnadane som kan krevjast dekt må vere pådratt innanfor perioden med dekningsrett.

Det er lagt ved spesifisert timeliste/faktura til tiltakshavar som dokumentasjon for kravet. Kravet gjeld juridisk bistand frå advokat, høvesvis frå Stiegler Advokatfirma AS (tidlegare advokat) og HLT Advokatfirma AS (noverande).

Det er kravd dekning for følgjande fakturaer frå Stiegler:

- |   |             |
|---|-------------|
| 1. Fakturanummer 29859, datert 31. mai 2020;    | kr. 1.125,- |
| 2. Fakturanummer 25050, datert 31. januar 2019; | kr. 7.313,- |
| 3. Fakturanummer 27126, datert 31. august 2019; | kr. 1.125,- |
| 4. Fakturanummer 23668, datert 8. oktober 2018; | kr. 7.313,- |

For desse 4 fakturaene blir kravet godkjent etter fvl. § 36; **kr. 16.876,-** inkl. mva.

Det er kravd dekning for følgjande fakturaer frå HLT:

- |   |                 |
|---|-----------------|
| 1. Fakturanummer 6717, datert 7. november 2022;   | kr. 2.765,63,-  |
| 2. Fakturanummer 6839, datert 6. desember 2022;   | kr. 20.281,25,- |
| 3. Fakturanummer 7151, datert 9. februar 2023;    | kr. 921,88,-    |
| 4. Fakturanummer 10123, datert 17. juli 2023;     | kr. 3.750,-     |
| 5. Fakturanummer 10153, datert 6. september 2023; | kr. 9.375,-     |

Alle fakturabeløp er inklusiv mva.

For desse 5 fakturaene blir kravet godkjent etter fvl. § 36; **kr. 37.093,76,-**.

Totalt blir **kr. 53.969,76,-** inkl. mva godkjent med heimel i fvl. § 36. Kostnadene ved arbeidet vert vurdert som vesentlege og naudsynte.

#### **Opplysningar om avgjerdsmynde og klagerett:**

Saka er avgjort administrativt i medhald av delegert mynde. Det er klagerett på vedtaket. Statsforvaltaren i Vestland er klageinstans, men klagen skal sendast kommunen. Klagefristen er 3 veker.

Med helsing

Arnstein Øvsthus  
kommunalsjef

Tore Johan Erstad  
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.